

Arkivsaksnr: 2015/2455-0

Saksbehandlar: Linn Myrvold

Dato: 21.04.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Verneområdestyret for Geiranger - Herdalen	19/2015	

Geiranger-Herdalen landskapsvernområde - Søknad om montering av verdsarvplakettar

Søkar

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv

Dokument i saka

1. Søknad datert 17.des.2014

Søknaden vurderast etter:

Forskrift om vern av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde (FOR 2004-10-08)

Forskrift om vern av Kallskaret Naturreservat (FOR 1984-11-16)

Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap delområde Geirangerfjorden – Geiranger-Herdalen landskapsvernområde

Naturmangfaldloven (LOV 2009-06-19)

Søknaden

I samband med markering av 10-årsjubileum for verdsarven Vestnorsk Fjordlandskap søker Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv om å montere dei siste UNESCO-plakettane ved Storseterfossen og Kallskaret Naturreservat i Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Plakettane er blant dei 10 som Verdsarvstyret tidlegare har vedtatt at skal plasserast på bestemte områdar innafor verdsarvområdet. Kvar plakett er på 30x30 cm og representerer eit minnesmerke over innskrivinga på verdsarvlista. Plaketten kan berre setjast opp på eller innafor grensa for området med verdsarvstatus.

Vurdering

Føremålet med opprettinga av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde er å:

- Ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt og variert plante- og dyreliv.
- Ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- Ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Føremålet med opprettinga av Kallskaret naturreservat er å ta vare på eit område med førekomst av eklogitt i veksling med andre bergartar der vekslingane mellom bergartane har vore avgjerande for utforminga av ei vakkert og særprega landskap.

I følgje Forvaltningsplanen for Vestnorsk Fjordlandskap – Delområde Geirangerfjorden skal området vernast mot alle inngrep som i vesentleg grad kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. I utgangspunktet er det forbod mot bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar, løypar og liknande (§ 3 punkt 1.1, s. 61).

Naturmangfaldlov § 48 opnar likevel opp for at forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

I følgje naturmangfaldlovas § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjas til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Det vurderas dit at montering av plakettar ved Storseterfossen og Kallskaret naturreservat ikkje vil stride mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

§ 8 "Kunnskapsgrunnlaget"

Kunnskapsgrunnlaget er henta frå søknad, verneforskrift, forvaltningsplan og Naturbase og vurderast som tilstrekkelig dokumentert. Det er ikkje registrert nokon raudlista artar i nærleiken av Storseterfossen.

For kallskaret naturreservat er det viktig at plaketten monterast på ein av dei vanlege bergartene i området og at ein sørgjer for at den ikkje blir plassert på nokon av dei sjeldne bergartane som har danna grunnlaget for vernet.

§ 9 "Føre-var-prinsippet"

Det vurderas slik at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkelig ivaretatt og at tiltaket ikkje vil kome i konflikt med naturverdiar.

§ 10 "Økosystemtilnærming og samla belastning"

Denne paragrafen blir lite vektlagt sidan økosystema truleg ikkje blir belasta av tiltaket. Vi vurderer heller ikkje presedensverknaden av ein slik dispensasjon til å vere særleg høg, sedan tiltaka er talfesta og skjer i regi av verdsarvstyret.

Prinsippa i naturmangfaldlova § 11 om at kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshavar eller § 12 om miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar er ikkje aktuelle i denne saka.

Tiltaka vurderast som akseptable då inngrepa er av beskjeden art og på bakgrunn av at verdsarvplakettane er med på å synleggjere dei unike kvalitetane finnes i områda. Det er allereie satt som krav at plakettane skal være plassert innafor verdsarvområde. Sjølv om plakettane representerar eit framandelement i landskapsvernområdet vurderas tiltaket som så lite at det ikkje er i strid med verneformåla og at verneverdiane vil bli synleggjort utan å bli nemneverdig trua.

Forslag til vedtak

Med heimel i Naturmangfaldlova § 48, får Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv dispensasjon av verneområdestyret til å montere verdsarvplakett ved Storseterfossen i Stranda kommune og i Kallskaret naturreservat i Norddal kommune.

Søknaden er vurdert i høve til Naturmangfaldloven §§ 8 -12.

Vilkår

- Det skal gjennomførast ein synfaring på begge lokalitetane for å avgjere plassering av plaketten. Verneområdestyret, Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv og grunneigarar skal vere representert under synfaringa.
- UNESCO-plaketten skal ha standard storleik på 30x30 cm og same utforming som tidligare oppsette plakettar.
- Tiltakshavar har ansvar for å innhente løyve frå grunneigar

Klagerett

Dette vedtaket kan i samsvar med § 28 i forvaltningsloven påklagast av ein part eller andre med rettslig klageinteresse. Frist for å klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen stilast til Miljøvdirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Geiranger-Herdalen. Klaga bør grunngjevast.